



## Referat Team Hardanger 17.4.2026 i Kvam, 0930-1430.

### Møtte:

Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune - leiar  
Randi Rykkje, Ullensvang kommune  
Jan Tjosås, Kvam herad  
Mona Hellesnes, Ulvik herad - digitalt  
Christel Kvamme, Ullensvang Næringshage  
Ann Irene Myrheim, Hardangerrådet iks  
Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks

### Sakshandsaming:

#### TH-sak 7/26           Oppfølging frå møte 23.01.2026

#### Aksjonsliste:

- Karrieremesse 2026:**
  - Fokus på felles Hardanger-profil, stand (12 m<sup>2</sup>), aktivitetar, merch og synleggjering av næringsliv og framtidige behov, Viktig med god førebuing og attraktive stillingar
  - Christel lagar forslag til messevegg og profilering.
  - Me vurderer etterarrangement, sjekk ut med Siderbaren i Bergen. Adm.
  - Administrasjonen bestiller stand på messa
  - Planlegging for 2027 startar, med rask evaluering etter dette arrangementet.
- Reiseliv – rekrutteringsbehov:** Utsett til neste møte.  
Utfordrar Visit Hardangerfjord til å kartlegga rekrutteringsbehovet i reiselivet i Hardanger. Administrasjonen sender spørsmål.
- Anna:** Deltaking på Finsekonferansen 13.–15.10.2026.
- Siderklynga** vert invitert til å møte TH på neste møte 29.5.2026 i Ulvik

#### TH-sak 8/26           Referat frå Hardangerrådet og Rådmannsforum

#### Diverse frå møtene:

- Auka kontingent til Hardangerrådet iks vedteken for 2028 – 2030.
- Fleire felles uttalar (bl.a. førarkort T, overnattingsavgift og EDprisen/LVK).
- Fellesmøte med VLFK 27.3. med nye planprogram på agendaen. [Presentasjonen finn du her](#)
- Fellesmøte 10.4 med Sunnhordlandsrådet:  
Tema: Rein Hardangerfjord (miljø og berekraft), Handbak / antidoping, Vest-Norsk Brusselkontor, Besøksbidrag/ Lofotrådet - presentasjonar finn du her
- Komande møte: Rådmannsforum (8. mai, Lofthus) og Hardangerrådet (22. mai, Ulvik).
- Prosjekt og initiativ:
  - Moglegheitsstudie for Hardangerfjordruta (snart utlysing).
  - Miljøprosjekt (tang/bløtdyr) i samarbeid med Det Kongelige Selskap for Norges Vel.

- “Jenter i TEC” – rekruttering til IT-fag i samarbeid med ITforum Vest.
- Kompetansekartlegging i samarbeid med næringsliv og utdanning.
- Anna:
  - Hardangerkonferansen 2026 (5.–6.11). Fokus på dialog mellom næringsliv og politikk.
  - Skyss har varsla nedlegging av Utne–Kinsarvik sambandet.

## **TH-sak 9/26            Besøksforvaltning**

- Arbeid med høyringsuttalar for overnattings- og cruiseavgift (frist 22.06.2026).
- Fleire kommunar har vedteke uttale om overnattingsavgift.
- Behov for felles uttale også for cruiseavgift. Men kvar kommune må skriva sin høyringsuttale til politisk handsaming og senda inn.
- Vurdering av sesongbasert avgift.
- Vestland fylkeskommune har samling om besøksforvaltning i Eidfjord 12.-13.mai.

## **TH-sak 10/26            “Vi kallar” i rekruttering**

Tilbod om vidare arbeid med nettsida “Vikallar” som verktøyet kjem til neste møte. Christel frå i oppdrag å leggja inn Hardangerrosa og Voss sin loga slik at ein kan identifisere kvar region vi kallar til.

## **TH-sak 11/26            Oppdatering frå Vist Hardangerfjord iht reiselivsstrategien og merkesertifisering v/Margit Lund Mikkelsen** Presentasjon vert sendt ut.

- Reiselivsstrategien er snart ferdig. Vert presentert på Hardanger Next
- Regionen er teken opp i ordning for berekraftssertifisering og rigga for å starta prosessen med sertifisering av berekraftig reiseliv i Hardanger
- Deltaking i nasjonalt nettverk for berekraft (i samarbeid med Innovasjon Norge og Siva).

## **TH-sak 12/26 – Runde rundt bordet (utval)**

### **Hardangerrådet**

- Hardangerfjordruta:
  - Rapporten skal utformast som eit prospekt for vidare utvikling.
    - 2026: Avgrensa aktivitet, mogleg med popup-tilbod på båt. Ambisjon om turistvert på sikt.
    - 2027: Rapport ferdig og planlagt ut på anbod.
- Film: Produksjon 2. mai – skal nyttast til marknadsføring og publiserast på nettside.
- Besøksbidrag:
  - Arbeid med projektskisse basert på vedtak 27.03.2026.
  - Henta inspirasjon frå Lofotrådet sin presentasjon.

## Ulvik herad

- Bruravik-utvikling: Stoppa grunna motsegn frå Statsforvaltaren og politisk vedtak (15.04.2026).
- Ulvik hotell: Stått tomt sidan 2023, no til tvangssal med interesserte kjøparar.
- Næringsutvikling:
  - Vannfabrikken i Osa: to seriøse aktørar ønskjer utvikling.
  - Sentrumsutvikling med støtte frå Vestland fylkeskommune (VLFK).
- Kultur og reiseliv:
  - Tildelt kulturminnemidlar.
  - Kulturvandring (NO/EN) og sommar-guiding.
  - Digital sjølvguiding via app ("Kulturjakten").
- Planarbeid:

Rullering av strategisk utviklingsplan med involvering av lokalt næringsliv.

## Ullensvang næringshage

- Flytting: Ny lokasjon i sentrum frå 1. juni.
- Utvikling av miljø:
  - Meir open "drop-in"- og workaway-kultur.
  - Sommararrangement på Langhuset med fokus på innovasjon og samarbeid.
- Kompetanse og samarbeid:
  - HVK arbeider med studentstover og kvalitet.
  - Vurderer samspel mellom kontorfellesskap og studentmiljø.
- Næringsarbeid:
  - Engasjement i Hardanger Industri og Fjordvegen.
  - Førstelineteneste via "Nærnett".
  - Auka samarbeid og erfaringsdeling med etablerartenester i Bergen.
- Etablerarsenter:

Sterk base i Bergen, men aukande regional aktivitet. Tilbyr digitale ressursar.
- Fonna næringshage:

Felles struktur for Kvinnherad og Ullensvang.

## Ullensvang kommune

- Dialog og næring:
  - Møte med 4–5 bransjeorganisasjonar.
  - Ny runde med næringsfond ferdig.
  - Auke i førespurnader om etablering.
- Areal:

Liamyrane, Skarsmoen og Eitrheim planlagt, men ikkje klare enno.
- Infrastruktur og prosjekt:
  - Opning av Odda terminal 4. mai.
  - Utvikling av Hydrogen HUB.
  - Folgefonna-prosjekt: arbeid med selskapsstruktur.
- Besøksforvaltning: Prioritert område, ønskje om brei implementering.
- Kultur: Lindehuset vidareutviklast som kulturhus.

Påminning om verdiskaping frå Litteratursymposiet.

## **Eidfjord kommune**

- Plan og styring:  
Ny strategisk kommuneplan vedteken.  
Nye retningslinjer for næringsstøtte vedteken.
- Samfunnsutvikling:  
Tydeleg rolle som utviklingsaktør.
- Sentrumsutvikling:
  - Ny torg og sjøfront samt etablering av landstraum er klart til 2027.
  - Nye reglar for bruk av sentrum til aktivitet.
  - Sentrumsbygg med nye eigarar (medisinutsal og souvenir).
- Handel:  
Handelsanalyse via målbedriftprogram (referanse til Rosendal).  
Erkjenning av utfordringar med handelslekkasje (“handelsdød”).
- Kompetanse:  
Behov for generelt auka kunnskapsnivå.

## **Kvam herad**

- Reiseliv og attraksjonar:
  - Fossesenter under utvikling.
  - Fossefilm (lansering haust).
- Drift og ansvar:
  - Reinhold av offentlege toalett overført til fylket.
  - Turistinformasjon lyst ut – kopla til lokalmataktør.
- Infrastruktur:
  - 3 mill. kr til plan for utbetring av Øysteseelva.
  - Utvida parkeringskapasitet ved rådhuset.
- Transport:  
Lengre bussar ( +3 m) skapar utfordringar for terminalfunksjonen i Norheimsund

## **TH-sak 13/26      Saker som kjem til**

1. TH møte i Odda 1.10.2026 vert flytta til Bergen 30.9.2026, fordi det er stormøte i Kompetanseforum på planlagt møtedato.
2. Oppmodar alle å melda seg på “Politisk sidersnakk” 8.mai 2026 på Lofthus .
3. Det skal veljast ny leiar i TH på neste møte.

Kvam 17.4.2026

Lisbeth B. Celik /s  
Leiar